

## **Brukarmedverknad - ein verdi og ein strategi i Helse Vest.**

Det overordna målet med brukarmedverknad er å styrke kvaliteten på helsetenestene. Brukarane og dei pårørande er viktige premissleverandørar for å sikre gode og likeverdige helsetenester til alle innbyggjarar.

Brukarmedverknad i Helse Vest skjer på to nivå, individnivå og systemnivå.

- Medverknad på individnivå betyr at brukaren (og eventuelt pårørande) skal ha innverknad på tilbodet for eigen behandling.
- Medverknad på systemnivå handlar om at brukarane sine erfaringar blir tatt med i utviklinga av helsetenestene.

### **Målet med brukarmedverknad i Helse Vest.**

I Helse Vest er målet med brukarmedverknad på individnivå:

- å sikre god kvalitet på den enkelte sitt behandlingstilbod
- å bidra til betre forståing av eigen helsetilstand
- å bidra til brukarane sin innverknad på eigen behandling

I Helse Vest er målet med brukarmedverknad på systemnivå:

- å sikre god kvalitet på helsetenestene som Helse Vest tilbyr
- å sikre eit likeverdig tilbod til alle innbyggjarar
- å sikre deltaking og forankring i utviklinga av tenestetilbodet

Samla sett vil dette gi ei styrka helseteneste i Helse Vest.

### **Strategi for brukarmedverknad**

Ein viktig føresetnad for å nå måla med brukarmedverknad, er at brukarane sin erfaringskompetanse blir sidestilt med fagkompetanse. For å sikre at måla med brukarmedverknad blir innfridd i tråd med gjeldande lov- og myndigheitskrav, er det avgjerande korleis brukarmedverknaden er forankra og satt i system. I Helse Vest har ein utarbeidd desse strategiane for brukarmedverknad:

Individnivå:

- leggje til rette for eit heilskapleg menneskesyn, der kompetente og motiverte medarbeidarar møter pasienten/brukaren med respekt.
- Brukaren, eller den som varetek hans eller hennar interesser, skal få tilbod om medverknad både i planlegging og gjennomføring av tiltaka/tenesta.
- Brukarmedverknaden skal vere formelt forankra i prosedyrar og i tråd med gjeldande lovverk

På systemnivå:

- leggje til rette for kompetente og representative brukarutval. Brukarutvala opptrer på vegne av dei ulike brukargruppene og skal mellom anna vere eit rådgjevande organ for styra.
- sikre god og kompetent brukarmedverknad gjennom systematisk opplæring av brukarutval/representantar.
- sikre brukarmedverknad- og deltaking i plan/utviklingsarbeid- og prosjektarbeid, på ulike nivå.
- leggje til rette for at brukarrepresentantar/brukarutvalsmedlem får høve til å delta på aktuelle kompetansehevande kurs/seminar.